



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd

Tid: 04.10.22 kl. 19.00-22

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren

Desse møtte: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Bjørg Djupvik Grebstad, Monica Breivik Orre og Therese Utgård Aas

Varamedl.: Tor P. Mørkeseth, Astrid Breivik og Marit Akslen.

Forfall : Linn Tårnes

Åpning : Astrid Breivik. Mark 6,31

Mat : Monica noko å bite i «himmelsk lapskaus»

Sak 25/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 26/22 Godkjenning av referat frå møte i Sykkylven sokneråd 30.08.

Vedtak: Referatet vart godkjent.

Sak 27/22 Nominasjonskomite og Kyrkjeval 2023

Saksordf: Therese . Ei huskeliste vart lagt fram over ting som må vere på plass fram mot valet. Sjå eige vedlegg.

Mange navn kom fram som kan spørjast. Liste vart laga som nominasjonskomiteen jobber med.

Soknerådet vel nominasjonskomite: Therese Utgård Aas og Theres Brunstad. Nominasjonskomiteen vel ein person til å sitje i komiteen.

Vedtak: Soknerådet vel å stå som valstyre.

Sak 28/22 Saker til fellesmøte sokneråd og stab Ikornnes kyrkje 01.11.22

Forslag frå Sykkylven SR til Ikornnes og stab:

Gudsteneste-frekvens mellom Sykkylven og Ikornnes

Kva er målet vårt ?

Korleis ynskjer vi jobbe for å nå fleire? Kven? Kva? Korleis?

Når vi ut til dei vi vil med det vi vil?

KN aksjon

VAL 2023 Strategi / presseomtale/ korleis spørre nye/

Allehelgens dag (felles for begge kyrkjelydane?)

Mental helse/diakoniutval / kriseteam

Orienterer om arrangement i Sykkylven kyrkje neste år for å unngå kollisjon av arrangement.

Td Sorgseminar Sunniva Gylver 16.02.23

Edvard Hoem & Blue Horn 03.11.23



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven sokneråd

Sak 18/22 Plan for haust 2022 og 2023

-Datoar SR møter og arrangement

-Seniordag 30.oktober. Sjå vedlagt evaluering frå 2021. Soknerådet stiller til servering og opprydding.-Sangkveld i kyrkja 30.okt kl 19 Trio m/band

samt Lena og Anette Fet solistar. SR står som arrangør

-Allhelgensdag den 6.nov. Kaffi og noko å bite i etter at ein har vore ute på gravplassen med lystenning. Kriseteam og andre frå SR er tilgjengeleg.

Arrangement 2023:

Sorgseminar : Sunniva Gylver vår -23 (16.februar)

Edvard Hoem og Blue Horn 03.11. 2023 Arild, Bjørg og Rose arbeider vidare med arrangementet.

Pris innhenta; mulig samarbeidsmuligheter med andre / eventuelt støtte.

-Saman som kyrkje i heile verda 18.06. m/søndagsskuleavslutning. Sjekk gudstenesteplan/stabskalender

Sak 05/22 Evaluering Frivillighetsdag & «Saman som kyrkje i heile verda»

Stab og sokneråd må ha møte saman, for planlegging og koordinering.

Vi bør starte planlegginga tidligare enn vi gjorde sist. Fleire må

involverast for å hjelpe med aktivitetane i kyrkjeparken.

Forventningsavklaring viktig. Eit positivt arrangement som samla mange frå gudstenestefeiringa og til andre som kom til frå bygda inn mot parken.

Sak 29/22 HEILHEITLEG MENIGHETSPLAN v/Simen saksførebuar

Soknerådet ser fram til å ta i bruk dette verktøyet, men ser ikkje at vi tidsmessig kan greie å vere pilotkyrkjelyd. Spørsmålet kjem for seint til at vi kan få plass i kalenderen til soknerådet. Signala frå staben er at ein bør vente til heilhetleg plan vert for alle.

Sak 30/22 Søknad om nattverdkalker til kyrkja i Estland.

Soknerådet ser positivt på eit godt arbeid for søsterkyrkje i Estland.

Soknerådet ser likevel ikkje at vi kan støtte dette då vi ikkje kan

støtte økonomisk eit privat tiltak/ikkje registrert selskap. Hadde dette vore eit registrert selskap/org hadde dette kunne vore aktuelt.

Regnskapsmessig er ikkje dette innafor reglementet.

Eventuelt: KN kontakt for Sykkylven sokneråd er valgt: Anne Lovise Aure Stave.

INFOSAKER:

Bjørg orienterte om kyrkjemessa. Mykje folk og godt salg. Rapport kjem seinare.